

## **Litle – Matre beitelag SA**

Org nr. 985828067  
Risnes72, 5937 Bøvågen  
93046084  
kristen@elektrotavle.no

## **Årsmelding 2022**

### **Notat for innsending på altinn som vedlegg til søknad om driftstilskot i 2022.**

**Tal slepte dyr :** I 2022 har våre 2 medlemmar slept 151 sau og 290 lam. Totalt 441 dyr.

**Årsmøte:** for meldingsåret 2021 vart halde på Manger **23. februar 2022.**

**Økonomi / Midlar på kontoen 1. november :** 1. november i år var saldoen på bankkontoen vår på **Kr. 32.099,77.**

Midlande som kjem frå driftstilskotet og innbetaling frå medlemmane vert i hovudsak nytta til transport av dyr til og frå beite og transport av utstyr til vedlikehald på sanke – og samlegjerde.

Økonomien i laget må kunna seiast å vera tilfredstillande. Dette skuldast at det meste vert utført på dugnad. Innkjøp av utstyr til vedlikehald og påkostning tek den enkelte medlem på seg sjølv. Fordelt etter tal slepte dyr. Dette m.a. for momsfrådraget si skuld.

**Me legg stor vekt på at det skal vera så rimeleg som råd å ha sau på utmarksbeite for våre medlemmar. Det er endeleg nok dugnadsinnsats om ikkje det skal verta store pengeutlegg i tillegg.**

**Utgifter til kost og overnatting er ikkje med i dette oppgjeret, men vert betalt av den enkelte medlem direkte.**

### **Aktiviteten i laget :**

#### **1) Tilsyn i beitetida :**

Er organisert ved gjennomgang av beiteområdet ein gong kvar veke etter plan som vert oppsett i god tid før beiteslepp. Alle medlemmar dokumenterer sine tilsynsruter i samsvar med krav.

#### **2) Sanking :**

**Hovedsanking :** Fast 1. helg i september over 3 dagar. I 2022 : 02. 03.og 04 september.

**1. ettersanking :** Påfylgjande helg over 2 dagar. 10. og 11. september.

**2. ettersanking:** 14 dagar deretter. 1 år. 25. september.

**Grunna stor mangel** etter hovedsanking og 1. ettersanking vart det i år i tillegg sankt 17.og 18. september. Av same grunn sankar og finn me dyr framleis.

**Felles ettersankedato for alle beitelaga mellom Sognefjorden og Modalen i 2022 : søndag 23. oktober.**

Denne dagen som vert tillyst for alle lag i området er også obligatorisk for alle medlemmane våre.

**Ved melding om observerte dyr** vert det i tillegg sankt mellom desse dagane. Dei som manglar dyr leitar sjølvsagt lenger. For dei som har mest dyr i fjellet, dreiar dette seg om mange dagar.

**Tap på beite :** Dette året har me kome ned i totalt 5 sau og 15 lam eller 20 dyr som manglar av i alt 441 slepte. Tapsprosenten er dermed på 5,2. Dette er meir enn vanleg for oss dei seinare åra. Det er fleire vaksne med lam som manglar. Difor reknar me med å finna fleire. Det effektive samarbeidet me har med nabolaga gjer at me har stor tru på dette.

**Årsaker til tap på beite :**

- **Skårfeste :** Turr sommar gjorde at sauene trekkjer ned på grønare, fuktigare hyller som dei ikkje kjem oppatt frå. Me har registrert eit slikt tilfelle, men dette ordna seg av seg sjølv. Me kan likevel ikkje sjå bort frå at dette kan vera tapsårsaker på avsidesliggjande stader som ikkje vert oppdaga.
- **Lause hundar :** Folk på tur med lause hundar og hundar i langt band. Me finn nok ein del skada eller døde dyr som truleg har vore utsett for hund. I eit tilfelle fann ein hytteeigar 2 lam slengde innunder hytta si.
- **Påkøyning :** Me finn og skada eller døde dyr på eller tett ved anleggsvegen som truleg vert påkøyrd. Har vanskeleg for å tru at dyr med fleire brotne bein har skada seg sjølv på eller like ved veggen. Ein del brukar stor fart på veggen.
- **Rovdyr :** Me kan ikkje fastslå rovdyrskade som tapsårsak.

**Resultat og kvalitet :** Vektene har vore lågare i år. Mange lam vart likevel sende direkte frå sankegjerdene til slakteriet med gode slaktevekter og – klassar.

**Ymse tiltak i laget :** Laget har effektive sanke og samlegjerde som no er godt vedlikehaldne og sikre.

**Utfordringar :**

- Mykje av sauene vår som går i indre del av området trekkjer nord – aust og vestover. Dette fordi det er lite sau her i naboombåda. Året etter sender me difor kun sau i fjellet som me finn i vårt nærrområde. Samarbeidet med nabolaga er godt og lett på denne utfordringa.
- Trafikk på anleggsvegen under sanking. Til tross for skilting om sanking og fare for venting er det mykje biltrafikk og utolmodige bilistar som ikkje vil venta på sauedrifter langs veggen. Det er **fleire som køyrer for å oppleve sauesankinga. Gjerne saman med born. Dette sit me sjølvsagt stor pris på.**

**Positive verknader av utanforståande :**

- **Grunneigarane på hyttene på Littlematrestølen finn ofte dyr som går att og melder frå om sjuke eller skada dyr. Dette har stor verdi for oss,**
- BKK sine folk som ferdast langs vegen er til god hjelp og finn mange dyr for oss utover haustane.
- Jegrar og turfolk kjem og med nyttige observasjonar om dyr som går att.



Laget har sankehytte som vert nytta i sankinga både med måltider og overnatting. Dette er med på å halda ved like og å skapa ein endå betre sosial atmosfære i laget.

**Etter flieire år med restriksjonar som fylgje av koronarestriksjonar kunne me i år ta hytta i bruk som før.**

Sankehytta « Engleberget»

**Samarbeidet med nabolaga** har alltid vore godt og er styrka dei siste åra med eit endå aktivare samarbeid. Dette er med på å oppretthalda eit godt beitemiljø i Stølsheimen og området elles. Dette reddar òg mange dyr som elles ville gått att i fjellet. Samarbeidet har svært stor verdi for oss alle.

- Her organiserer me meldingsteneste på e-post. Av denne går det fram kva kvart lag manglar til ei kvar tid. Sameleis observasjonar om dyr.
- Før sankinga inviterte me alle laga til møte der alle medlemmane i laga fekk høve til å vera med og påverka organiseringa av laga og - sankinga.
- Me plasserte ein båt med påhengsmotor som alle lag kan nytta for enklare transport over Storavatnet og Svartavatnet m.a.

**Beiteavtale :** Beiteavtalen som vart fornya i fjor gjeld fram til 2031.

Minner medlemmane om at både sankegjerde og sankehytta skal haldast i god stand og skulle det verta slutt på sau i fjellet, er medlemmane pliktige til å fjerna desse og elles rydda etter oss.

Risnes 10.november 2022

For styret :

Kristen Risnes / Leiar